



Stord Hestesportlag

MEDLEMSMØTE STORD HESTESPORTLAG

Dato	15.11.15 Kl. 19.00-21.30
Sted	Hestesportsenteret
Tilstades	Ca. 45 medlemar
Fråvær	
Protokoll nr	

Saksnr	Sak	Ansvarlig	Frist	Status
01.	Opning av møte	Siren		
02	Val av referatkontrollør	Siren		
03	Førstehjelp. Lena Førland som har jobba mange år i ambulansen, og er aktiv med i røde kors, har laga eit hefte, og går gjennom dei vanlegaste skadane ein kan få ved fall frå hest, og enkel førstehjelp. Forslag frå ein far om at ein kanskje bør laga eit påbud om å at alle under 18 år alltid må ri med sikkerhetsvest – ikkje berre på organiserte treningar. Heftet er også lagre på nettsida.	Lena Førland		
04	Refleksbruk Me oppfordrar alle om å bruke refleks – og tenke over om refleksen er ny og rein – ein gammal refleks verkar dårlig. I tillegg veldig lurt å ha lys eksempelvis hovudløkt. Køyrelærararane i stallen, Liv Marit og Terje, vil ha mørkedemonstrasjon i nærmaste framtid.			
05	Brannøving Siren har vore på møte med mattilsynet, brannvesenet og veterinærane i Stord, og dei ønsker å ha ei samling om brannsikkerhet, som skal avsluttast med ei brannøving på hestesportsenteret. Minnar om at kvar stall er ei «branncelle» og at det er veldig viktig at alle dørane vert lukka når ein forlet stallen for natta. Portane i luftegårdane er rømningsveg ved brann. Det er mange luftegårdar som enno ikkje har montert port. Dette er viktig å få på plass. Mange er usikre på korleis			



Stord Hestesportlag

	<p>montere portane, og Tor vil vise korleis dette skal gjerast. Det vert demonstrasjon over korleis ein gjere dette laurdag 21.11.15. kl. 1100. Siren gjekk og gjennom brannvarslingsrutinane på heile senteret, og minna om at det er veldig viktig å halda det ryddig i stallen og i alle gongane. Alle har eigne utstyrssrom og det er eit tørkerom, så det skal ikkje vera nødvendig med andre oppbevaringsplassar. Christine foreslår å opprette ei ny liste over personar som skal varslast ved brann. Den finnes, men bør nok oppdaterast til å inkludera dei som bur nærmast. Minnar og om at det heng oppslag over brannvarslingsrutinar i alle stallane.</p>		
06	<p>Terminliste for neste år.</p> <p>Siren skal på terminlistemøte 17. 11. Me har ønske om 2 D-stevne i sprang første halvår 2016 og same andre halvår 2016. I tillegg et D-stevne i dressur andre halvår 2015. I tillegg er det hesteutstilling siste helga i juni, med innlagt Utvida klubbstevne i sprang og presisjonskjøring.</p> <p>I tillegg må me planlegge å arrangere klubbmesterskap i samband med eit av stevna.</p> <p>Kjørestevne kjem utanom. Liv Marit ønskjer ein Hordalandscup i kjøring og jobbar for dette</p>		
07	<p>Klubbstevne</p> <p>Forslag om klubbstevne før jul? 5. og 6. des.? Dressur lørdag og sprang søndag. Dette vil me prøve på.</p> <p>Me treng fleire hjelparar når me arrangerar stevner, så her må alle melde seg for oppgåver.</p>		
08	<p>Teknisk personell</p> <p>Me treng fleire, både Dommeraspiranter og stewarder. Liv Marit vil vera med på steward kurs neste gong.</p>		
09	<p>Klubbjakkar</p> <p>MX-sport har gitt oss tilbod på klubbjakkar. Både ytterjakkar og fleecejakkar. Eva har med prøvejakkar som me kan prøve for å finne strl. og sette oss på liste. I tillegg blir dette informert om i</p>	Eva	



Stord Hestesportlag

	alle stallane slik at dei som ikkje er på møtet og kan få bestille.			
10	<p>Sikkerhet når ein rir</p> <p>Informasjon om kva som er viktig å tenkje på når ein er ute og rir.</p> <p>Ri saman. Følg med i det som skjer kring deg. Ikkje snakk i telefonen. Ikkje ri i joggesko. Vis hensyn til andre, særleg gåande – skritt forbi – ikkje spring.</p> <p>Hestemøkk må fjernast!</p>			
11	<p>Utviding av utebanen</p> <p>Eirill informerer om utviding av banen. Me vil søkje om midlar til å utvide utebanen for å få stor nok bane til å kunne arrangere landsstevner.</p>			
12	<p>Utviding av E39</p> <p>Vegen skal utvidast, og me har vore i møte med vegvesenet og på synfaring om den nye vegen. Me ynskjer undergong, men veit ikkje om og evt. når dette kjem. Me har sendt inn spørsmål om lov til å bruke private undergongar som eksisterar under E39.</p>			
13	<p>For oppstallørar:</p> <p>Ang før: Det er få som bestiller tørrhøy – men det er fleire som brukar det. Minnar om at ein må bruke det foret som ein betalar for.</p>			
14	<p>Vatningsanlegg:</p> <p>Siren informerer om vatningsanlegg. Me har fått det, men ventar med montering til me har eksperthjelp. Viktig med rett montering. Viktig med horving ofte. Minnar om at hesten treng variert underlag. Ikkje gå i ridebane kvar dag.</p>			
15	<p>Kven gjer kva i styret?</p> <p>Ein ønsker ei liste over kven i styret som skal kontaktast når det er noko som er øydelagt, når det er noko å klage over osb. for at enkeltpersonar skal sleppa å måtta ta imot alt. Me skal lage</p>			



Stord Hestesportlag

	ei liste over kven som skal ha kva meldingar.			
16	<p>Trenarar, treningar og behandlarar ved hestesportsenteret</p> <p>Me har mange ulike behandlarar på senteret, og det er mange som tilbyr ulike produkt. Dette er ikkje hestesportsenteret ansvarlege for. Det er opp til kvar og ein kva dei kjøper eller er med på.</p> <p>Hestesportlaget leiger inn ulike trenarar som eit tilbod til ryttarane i klubben. Dette er kun eit tilbod, og folk vel sjølv kva dei vil vera med på.</p>			
17	<p>Jobb for eit godt miljø!</p> <p>Det er veldig viktig at det er kjekt å vera på hestesportsenteret. Ikke snakk bak ryggen på nokon, men prøv å snakk til den det gjeld.</p>			
18	<p>Treningar neste år</p> <p>Ønske om trenarar og treningstider til neste år. Det vert fortsatt rideskule tre dagar i veka.</p> <p><u>Alle som rir dressur og sprang må sende inn ønske for trenarar frå januar 2016. Dei som ikkje har meldt inn må gjera det snarast og innan fredag 27.11. Send til Siren, evt lever lapp.</u></p>			